

Grunneigarar/naboar
Offentlege instansar/andre

Jfr. vedlagd adresseliste

Deres ref.:

Vår ref.:
2021187-03TNE

Stryn
06.12.2021

Varsel om oppstart av planarbeid - Detaljreguleringsplan for Syltefjord camping og marina på gbnr.25/60 m.fl i Vanylven kommune.

I samsvar med Plan- og bygningslova, plandelen § 12-8, vert det varsla om oppstart av planarbeid etter § 12-3 – privat forslag til detaljregulering. Aktuelt planområde er gbnr 25/60 m.fl og hovudføremålet med planarbeidet er tilrettelegging for fritids- og turistføremål samt småbåthamn. Tiltakshavar for planarbeidet er Johan Kragseth.



Figur 1 Flyfoto som syner planområdet. Kjelde: gislink.no

Føremål/bakgrunn for planarbeidet:

Føremål med planarbeidet er å legge til rette for etablering av campingplass og marina på gbnr.25/60 i Vanylven kommune. Planforslaget vil omfatte bubilparkering, utleiehytter og småbåthamn med molo. Deler av fritids- og turistføremålet er planlagt på fylling i sjø der det er ønskeleg å nytte masser frå Stadt skipstunell. Tiltaket skal gjere Sylte meir attraktivt som reisemål.



Figur 2 Illustrasjonsplan (Riste arkitektur)

Det totale planområdet vil utgjere om lag 26,5 daa. I gjeldande kommuneplan vedtatt i 2014 er området i hovudsak avsett til noverande offentleg eller privat tenesteyting (E36) og småbåthamn (SH23). I føresegna til kommunedelplanen er det lagt til rette for å kunne etablere reiselivsverksemd innanfor E36.

Det er gjennomført oppstartsmøte med Vanylven kommune den 22.10.2021, samt dialog i etterkant for å avklare tilhøva til KU-forskrifta. Planavdelinga vurderer planarbeidet til å følgje opp hovudtrekk og rammer i overordna plan, og det er difor ikkje stilt krav om planprogram eller konsekvensutgreiing.

Tema som skal vurderast i planarbeidet er mellom anna landskap, estetikk og byggeskikk, strandsone, folkehelse og friluftsliv, barn og unge, trafikktryggleik og stadutvikling.

Vurdering i høve forskrift om konsekvensutgreiing:

Planarbeidet skal stadfeste vidareutvikling av området i samsvar med prinsipp og føringar i overordna plan, og omfattar ikkje tiltak i vedlegg I. Planarbeidet fell såleis ikkje inn under Forskrift om konsekvensutredningar §6. Planen gjeld tiltak etter plan- og bygningslova, og fell såleis heller ikkje inn under forskrifta §7. Planlagde tiltak er konsekvensutgreia i overordna plan og er i hovudsak i tråd med denne planen. Tiltaket er såleis vurdert å ikkje falle inn under forskrifta §8. Verknader av plan vil bli vurdert i planomtale.

Medverknad:

Fagmynde, grunneigarar/naboar m.fl. vert inviterte til å kome med innspel gjennom varsling og kunngjering av planoppstart. Det vert lagt opp til tett dialog og avklaringar med aktuelle fagmynde undervegs etter behov.

Kunngjering og høyringsfrist:

Planarbeidet blir kunngjort i avisa Synste Møre 09/12/21, på Vanylven kommune sine nettsider: www.vanylven.kommune.no og iVest Consult AS sine nettsider www.igestconsult.no.

Innspel og merknader til varsel om oppstart og planomtale ved planoppstart, skal rettast til:

iVest Consult AS **Adr.: Strandgata 15, 6905 FLORØ**
Epost: post@igestconsult.no

Høyringsfrist vert sett til 07/01/22

Spørsmål kan rettast til undertekna.

Med vennleg helsing
for iVest Consult AS

Thea Nesdal
Avdelingsleiar | Landskaps- og arealplanleggar
Tlf. 992 67 528
Epost: tne@igestconsult.no

Vedlegg:

1. Adresseliste
2. Oversiktkart og utsnitt kommuneplan
3. Aktuelt planområde
4. Referat frå oppstartsmøte

Kopi m/vedlegg:

Vanylven kommune v/Helge Kleppe
Johan Kragseth
Gisle Thunem

VEDLEGG 1 – ADRESSELISTE


GRUNNEIGARAR/NABOAR

Namn	Adresse
Erling Sylte	6144 Sylte
Harald Arve Berge	Syltedalsvegen 9, 6144 Sylte
Stig Runar Eikeset	Syltedalsvegen 16, 6144 Sylte
Ingolf Magnar Sylte	Vanylvsvegen 1880, 6144 Sylte
Anne Brit Jensen	Emanuel Mohns veg 3, 6007 Ålesund
John Sylte dødsbu v/Kirsti Sylte	Gladengvegen 4G, 0661 Oslo
Vanylven kommune	Rådhuset, 6144 Fiskå
Ole Andre Nordhagen	Nordstranda 235, 6143 Fiskå
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500, 6404 Molde


OFFENTLEGE INSTANSAR/ANDRE

Namn	Adresse
NVE	nve@nve.no
Møre og Romsdal fylkeskommune	post@mrfylke.no
Statsforvaltaren	sfmrpost@statsforvalteren.no
Statens vegvesen	Firmapost@vegvesen.no
Telenor	kabelnett@telenor.no
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
Sylte krinsstyre v/Steinar Dahlen Vidnes	6144 Sylte
Tussa	firmapost@tussa.no

VEDLEGG 2 – OVERSIKTSKART OG UTSNITT KOMMUNEPLAN




Figur 3 Lokalisering av planområdet. Kart: kommunekart.com



Figur 4 Utsnitt frå gjeldande kommuneplan. Kart: gislink.no

VEDLEGG 3 – PLANAVGRENSING



Figur 5 Planavgrensing. Kart: Vanylven kommune/iVest Consult